



Arkivnr: 2017/3846-4

Saksbehandlar: Hanne Espe

Saksframlegg

Saksgang

Utval for kultur, idrett og regional utvikling

24.05.2018

Nominasjon til "Årets friluftsråd 2018"

Samandrag

Friluftsrådenes Landsforbund (FL) har gjennom fleire år hatt ei kåring av årets friluftsråd. Fylkeskommunar og medlemsfriluftsråd og styre i FL kan sende inn forslag. Hordaland fylkeskommune er i brev av 24. april 2018 invitert til å sende inn forslag på kandidat med frist den 25. mai.

Kåringa skal vera basert på einskilde tiltak gjennomført av eit friluftsråd i FL sin årsmøteperiode (1.5.2017 – 30.4.2018). Det kan like gjerne vere eit lite og originalt tiltak som eit stort og kostnadskrevjande. Det vert presisert at kåringa skal vere basert på eit tiltak som har vore ein viktig del av friluftsrådet sitt arbeid den gjeldande perioden.

Styret i FL er jury for kåringa. Vinnaren vert offentleggjort i høve FL sitt årsmøte 14. juni 2018. Premien er kr 10.000,- (finansiert av FL) og ein diplom.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling nominerer Bergen og Omland Friluftsråd til årets friluftsråd 2018 for si rolle i arbeidet med å skape ein berekraftig modell for handtering av eigarlaust marint avfall.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Årets friluftsråd - forslagsinvitasjon
- 2 Årsrapport 2017

Fylkesrådmannen, 03.05.2018

I dag forvaltar Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) 235 tilrettelagte friluftsområde i Hordaland. Dei gjer ein god jobb saman med 17 av Hordaland sine 33 kommunar. 434.459 innbyggjarar i Hordaland får tilrettelagt friluftslivsopplevelingar året rundt. I tillegg har tilreisande stor glede av desse områda.

BOF er ein sentral samarbeidspartner i høve til kompetanseutvikling innan friluftsliv retta mot kommunar. Deira arbeid er prega av engasjement, kompetanse innanfor fleire fagområde, kvalitet, flid, dyktigheit og respekt for naturen og historia. Dei har gjennom mange år har satsa på å samarbeide med eldsjeler og organisasjonar i nærmiljøa. Dette samarbeidet er både meiningsfullt, rasjonelt og særskilt økonomisk. Driftsmodellen vert i nasjonal samanheng framheva som eit godt døme, og andre friluftsråd har vore på synfaring for å vidareutvikle sitt arbeid. Hordaland fylkeskommune opplever at BOF er raus med å dele kompetanse, og å bidra inn i eit større fellesskap.

BOF har dei seinare åra markert seg i høve til det særskilt viktige arbeidet med marin forsøpling ved å ta ei koordinerande rolle mellom frivilligkeit og offentleg sektor m.a. ved å framforhandle avtalar med kommunale renovasjonsselskap om å ta imot eigarlaust maritimt avfall kostnadsfritt. Kvalen som stranda på Sotra i 2017 med magen full av plast, utløyste eit brent folkeleg engasjement for å rydde kysten for plast.

I mars 2017 tilsette BOF ein prosjektleiar og det vart etablert ein «Hordalandsmodell» for handtering av eigarlaust marint avfall. Målet er eit reink hav, fritt for plast. Gjennom dugnad skal vassdrag og kyststrekningar der allemannsretten gjeld ryddast, tilførsel av forsøpling i naturen skal bli redusert ved forebyggande informasjonsarbeid, og forsvarleg etterbehandling, primært ved å gjenvinne ressursane frå forsøplinga.

Modellen står på tre grunnpilarar:

1. Frivilligkeit og dugnad frå befolkninga, organisasjonar, skular og næringsliv.
2. Operasjonelt og administrativt senter med metodeutvikling.
3. Offentleg finansiering av handtering, gjenvinning og transport av eigarlaust marint avfall.

BOF fungerer som samhandlingssenter og knutepunkt i samhandlingsmodell som tilrettelegg for m.a. kartlegging, FoU, kunnskapsdeling- og formidling, koordinering, metodeutvikling, forvalting og førebygging. Modellen gjer gode resultat og motivasjon til medverknad, og i tillegg auka fokus på å ivareta miljøet. Den er i kontinuerleg utvikling og kan overføras lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt.

BOF har på fleire måtar bidrige til å løfte tematikken opp på den nasjonale agenda. I samband med sitt 80 årsjubileum i 2017 var BOF vertskap for ein nasjonal friluftskonferanse 8.-9. juni der eit sentralt tema var maritim forsøpling. I følgje Hold Norge Rent hadde Hordaland i 2017 flest deltakrarar, flest aksjonar og størst innsamla mengde søppel. Arbeidet har god politisk forankring, m.a. har Vestlandsrådet sett tema på dagsorden på eit seminar for ulike regionale og nasjonale deltagarar den 4. januar 2018. Her var BOF ein sentral bidragsytar. Den 25.-26. april 2018 var BOF ein sentral medspelar i gjennomføringa av ein internasjonal konferanse The Plastic Whale Heritage - Beach Clean-Up & Conference med deltagarar frå 17 ulike land. Via strømming var det om lag 4000 som følgde konferansen, og om lag 1000 av desse var internasjonale.

Konklusjon

Bergen og Omland Friluftsråd tek samfunnsansvar og bidreg til å setje marin forsøpling på dagsorden lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. I samarbeid med mange ulike aktørar i offentleg, privat og frivillig sektor utviklar dei ein berekraftig og universell modell for arbeid med handtering av eigarlaust marint avfall.